



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling av Formannskapet

Møtedato: 13.06.2017
Møtestad: Matre / Stordalen
Møtetid: 10:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

074/2017 Rammer for årsbudsjett 2018 og handlingsplan med økonomiplan for 2018 - 2021

13. juni 2017

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 151	17/752

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
	Kommunestyret	PS	

Rammer for årsbudsjett 2018 og handlingsplan med økonomiplan for 2018 - 2021

Vedlegg:

Journalposttittel

Brev kommuneopplegget FM
2017 05 29 Innspel frå leiarmøte

Dato

12.06.2017
13.06.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rammer for årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 vert vedteke som dei ligg føre i budsjettskjema 1A og 1B.

Rammer for investeringsbudsjett 2018 – 2021 vert vedteke slik dei ligg føre i budsjettskjema 2A og 2B.

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Reg budsjett 2017	Ramme 2018	Ramme 2019	Ramme 2020	Ramme 2021
Skatt på inntekt og formue	43 021 591	40 563 000	40 563 000	44 732 000	45 200 000	45 650 000	46 150 000
Ordinært rammetilskudd	68 606 998	73 773 000	73 773 000	69 256 000	70 362 000	70 596 000	70 550 000
Skatt på eiendom	23 313 628	20 500 000	20 500 000	17 800 000	15 800 000	12 600 000	10 500 000
Andre direkte eller indirekte skatter	13 938 065	13 400 000	13 400 000	13 400 000	13 400 000	13 400 000	13 400 000
Andre generelle statstilskudd	7 308 129	5 300 000	5 300 000	4 500 000	4 500 000	4 500 000	4 500 000
Sum frie disponible inntekter	156 188 411	153 536 000	153 536 000	149 688 000	149 262 000	146 746 000	145 100 000
Renteinntekter og utbytte	1 008 510	1 178 000	1 178 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 298 345						
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 237 190	1 400 500	1 400 500	1 550 000	1 650 000	2 000 000	2 000 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)							
Avdrag på lån	5 486 447	5 300 000	5 300 000	6 000 000	6 000 000	6 750 000	6 750 000
Netto finansinnt./utg.	-4 416 782	-5 522 500	-5 522 500	-6 150 000	-6 250 000	-7 350 000	-7 350 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk							
Til ubundne avsetninger	6 711 449	4 899 000	7 463 499	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Til bundne avsetninger	1 192 941	5 000	230 000				
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	2 990 716		2 789 499				
Bruk av ubundne avsetninger	4 676 976	3 904 000	3 904 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Bruk av bundne avsetninger	561 939						
Netto avsetninger	325 242	-1 000 000	-1 000 000	0	0	0	0
Overført til investeringsbudsjettet							
Til fordeling drift	152 096 871	147 013 500	147 013 500	143 538 000	143 012 000	139 396 000	137 750 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	149 307 372	147 013 500	147 013 500	143 538 000	143 012 000	139 396 000	137 750 000
Mer/mindreforbruk	2 789 499	0	0	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Reg budsjett 2017	Ramme 2018	Ramme 2019	Ramme 2020	Ramme 2021
01 Folkevalgte organ	2 330 651	2 301 600	2 301 600	2 100 000	2 150 000	2 000 000	1 850 000
02 Administrasjon	15 511 125	13 435 000	13 435 000	13 400 000	13 500 000	13 150 000	12 800 000
03 Barnehage	16 341 197	15 837 300	15 837 300	14 800 000	14 900 000	14 500 000	14 150 000
04 Skule	41 663 414	39 571 300	39 571 300	38 900 000	39 300 000	38 500 000	38 100 000
05 Helse	10 103 623	9 856 000	9 856 000	9 800 000	9 900 000	9 500 000	9 250 000
06 Sosial og barnevern	4 885 735	5 289 000	5 289 000	5 200 000	5 250 000	5 100 000	4 900 000
07 Pleie og omsorg	47 655 459	47 914 800	47 914 800	46 600 000	46 800 000	46 200 000	46 000 000
08 Kultur	6 027 920	6 020 500	6 020 500	5 900 000	5 900 000	5 500 000	5 300 000
09 Kyrkja	3 678 218	3 525 000	3 525 000	3 500 000	3 500 000	3 350 000	3 200 000
10 Teknisk	8 831 068	6 477 000	6 477 000	6 300 000	6 284 000	6 009 000	5 800 000
11 Andre tenesteområder	-7 721 037	-3 214 000	-3 214 000	-2 962 000	-4 472 000	-4 413 000	-3 600 000
Sum overført til 1A	149 307 372	147 013 500	147 013 500	143 538 000	143 012 000	139 396 000	137 750 000

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING

	Oppr B 2017	Just B 2017	2018	2019	2020	2021
Investeringar i anleggsmidlar	32 500 000	33 448 000	20 650 000	27 150 000	6 150 000	6 150 000
Utlån og forskotteringar	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Kjøp av aksjar og andelar	550 000	550 000	550 000	550 000	550 000	550 000
Avdrag på lån						
Dekning av tidlegare års udakka						
Avsetningar						
Årets finansieringsbehov	33 550 000	34 498 000	21 700 000	28 200 000	7 200 000	7 200 000
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidlar	23 280 000	24 128 000	900 000	20 500 000	5 200 000	5 200 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar						
Tilskot til investeringar			16 250 000			
Kompensasjon for meirverdiavgift	6 220 000	6 220 000	4 000 000	1 420 000	1 420 000	1 420 000
Motteke avdrag på utlån og refusjonar		100 000				
Andre inntekter						
Sum ekstern finansiering	29 500 000	30 448 000	21 150 000	21 920 000	6 620 000	6 620 000
Overført frå driftsbudsjett						
Bruk av tidlegare års udisponert						
Bruk av avsetningar	4 050 000	4 050 000	550 000	6 280 000	580 000	580 000
Sum finansiering	33 550 000	34 498 000	21 700 000	28 200 000	7 200 000	7 200 000
Udekket / udisponert		0	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR

	Oppr B 2017	Just B 2017	2018	2019	2020	2021
Investering i anlegg	32 500 000	33 448 000	20 650 000	27 150 000	6 150 000	6 150 000
IKT-investeringar						
1000 Edb felles	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
1002 Breiband til helmar i Masfjorden	4 500 000	4 500 000				
Kommunale bygg			3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
2001 Sandnes bhg - Ventilasjonsaggregat	300 000	300 000				
2002 Sandnes bhg - Utvendig rehabilitering	160 000	160 000				
2101 Nordbygda bhg - Ventilasjonsaggregat	400 000	400 000				
3001 Nordbygda skule - utbetring tak	1 000 000	1 000 000				
3002 Nordbygda skule - utvendig rehabilitering	140 000	140 000				
3402 Matre skule - ventilasjonsaggregat		48 000				
3403 Matre skule - utvendig rehabilitering	200 000	200 000				
4001 Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	500 000	500 000				
5001 Kontorbygg Matre		800 000				
5004 Skular - dørrar og vindu	400 000	400 000				
5005 Vernebustad Haugsær - utvendig rehabilitering	100 000	100 000				
5100 Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland	20 000 000	20 000 000	14 500 000			
5200 Fensfjordbygg				21 000 000		
6000 Kommunale vegar			1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6001 Kjetland bru	950 000	950 000				
6500 Bustadfelt - tilrettelegging	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000
6502 Ervikneset	1 200 000	1 200 000				
VAR			600 000	600 000	600 000	600 000
7000 Vassforsyning	50 000	50 000				
7001 Vassprosjekt - Vatn til Gulen		100 000				
7002 Vassforsyning - utbetring sjø						
7004 VA Giljane	800 000	800 000				
7501 Septiktank Haugsvær	250 000	250 000				
7502 Septiktank Hosteland	300 000	300 000				

Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2017 leggje fram eit balansert driftsbudsjett for 2018 og handlingsplan med økonomiplan for perioden 2018 – 2021 i balanse. Det skal og leggjast fram investeringsplan for åra 2018 – 2021.

Saksopplysningar:

Vurdering

Den økonomiske inntektsramma for 2018 – 2021 er grunnlag for utarbeida budsjетtrammer. Kommuneproposisjonen med kommuneopplegget for 2018, og KS sin prognosemodell utarbeid 15.5.2017 er nytta i grunnlaget.

Prognose for eigedomsskatteinntekter viser ein stor nedgang i økonomiplanperioden. Om prognosane slår til vert inntekt på eigedomsskatt nær halvert i perioden. Administrasjonen vil i løpet av 2017 starte arbeidet med å taksere våre verk og bruk på nytt. Ei slik taksering skal skje kvart tiande år.

KS sin prognosemodell

MASFJORDEN	Inngang/A1	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
MASFJORDEN	1266										
<i>faste år 2017-priser for årene 2018 - 2021</i>											
								PROGNOSE			
1000 kr		2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Innbyggertilskudd (lånt beløp pr innb)		35 256	37 102	38 354	37 875	38 740	39 632	40 205	40 285	40 379	40 432
Utgiftsutjevningen		19 977	18 719	22 920	22 972	27 030	30 342	30 691	30 719	30 752	30 770
Overgangsordning - INGAR		-117	234	-103	-107	-98	-172	-	-	-	-
Saker særskilt fond (inkl. helsestasjon skolehelse og arvbavg)		259	-	391	427	520	644	644	644	644	527
Korreksjon forsøksordninger barnevern og omsorgstjenester		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Nord-Norge-tilskudd/Namdalsstilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Storbytilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd		4 996	5 161	5 316	5 475	5 475	3 326	3 326	3 326	3 326	3 326
Distrikstilskudd Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingsstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg. herav gradvis bortfall av dif.arbeids giveravgift		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntektsytetmet 2011		100	100	100	100	100	-	-	-	-	-
Anslag overgangsordning - kommuner som skal slås sammen		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Endringer saldert budsjett 2014/2015/2016		-	-	-180	-93	362	-	-	-	-	-
Kompensasjon Samhandlingsreformen		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KMD		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Budsjettavtale H, FrP, KrF, V - Stortinget		-	-	-	-	-	-144	-177	-177	-177	-177
RNB 2017 - endringer i rammetilskudd							96	171	171	171	171
RNB 2012-2016, samt Dok8:135 S (2014-15)		38	18	54	327	-	-	-	-	-	-
Sum rammetilskudd uten inntekstutj		60 509	61 334	66 851	66 976	72 130	73 725	74 860	74 968	75 094	75 048
"Byklotrekke"											
Netto inntekstutjevning		-4 852	-4 423	-5 449	-4 707	-3 757	-4 482	-4 498	-4 498	-4 498	-4 498
Sum rammetilskudd		55 657	56 911	61 403	62 269	68 373	69 243	70 362	70 470	70 596	70 550
Rammetilskudd - endring i %			2,3	7,9	1,4	9,8	1,3	1,6	0,2	0,2	-0,1
Skatt på formue og inntekt		47 528	48 916	50 840	51 991	54 093	55 661	55 862	55 862	55 862	55 862
Skatteinntekter - endring i %			2,9	3,9	2,3	4,0	2,90	0,36	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)		103 185	105 827	112 243	114 260	122 466	124 900	126 200	126 300	126 500	126 400

Ut frå disponible midler vert storleiken på rammeområde sett. I framlegg til fordeling av disponible midlar på rammeområda, er desse gitt eit tilnærma likt nedtrekk. Reduksjon av inntekta vil ha innverknad på både omfanget av tenesteyting og kvalitet. Utfordringar i åra som kjem vil nok gjere at vi må omfordele midlar mellom rammeområde.

I investeringsbudsjettet er det i perioden lagt opp til å fullføre dei vedtekte investeringsprosjekta. For første år i økonomiplanperioden vil dette i stor grad gjelde ferdigstilling av bustad for eldre og funksjonshemma på Hosteland. Vidare i økonomiplanperioden er det lagt opp til at vi ikkje investerer meir enn det vi betaler i avdrag på lån til eigne føremål. Om kommunen går for auka investeringar vil dette verke inn på driftsnivået i kommunen.

Konklusjon

Masfjorden kommune har framleis utfordringar med å tilpasse driftsnivået for å møte disponible midlar i økonomiplanperioden. Masfjorden kommune må sjå på løysingar for å effektivisere drifta, men vert nok og nødt til å vurdere omfang og kvalitet på tenestene.

Rammer for driftsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 vert vedteke slik dei ligg føre i budsjettskjema 1a og 1b.

Rammer for investeringsbudsjett 2018 – 2021 vert vedteke slik dei ligg føre i budsjettskjema 2a og 2b.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 151	17/752

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2017	Formannskapet	PS	13.06.2017
	Kommunestyret	PS	

Rammer for årsbudsjett 2018 og handlingsplan med økonomiplan for 2018 - 2021

32T

Journalposttittel

Brev kommuneopplegget FM
2017 05 29 Innspel frå leiarmøte

Dato

12.06.2017
13.06.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rammer for årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 vert vedteke som dei ligg føre i budsjettskjema 1A og 1B.

Rammer for investeringsbudsjett 2018 – 2021 vert vedteke slik dei ligg føre i budsjettskjema 2A og 2B.

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Reg budsjett 2017	Ramme 2018	Ramme 2019	Ramme 2020	Ramme 2021
Skatt på inntekt og formue	43 021 591	40 563 000	40 563 000	44 732 000	45 200 000	45 650 000	46 150 000
Ordinært rammetilskudd	68 606 998	73 773 000	73 773 000	69 256 000	70 362 000	70 596 000	70 550 000
Skatt på eiendom	23 313 628	20 500 000	20 500 000	17 800 000	15 800 000	12 600 000	10 500 000
Andre direkte eller indirekte skatter	13 938 065	13 400 000	13 400 000	13 400 000	13 400 000	13 400 000	13 400 000
Andre generelle statstilskudd	7 308 129	5 300 000	5 300 000	4 500 000	4 500 000	4 500 000	4 500 000
Sum frie disponible inntekter	156 188 411	153 536 000	153 536 000	149 688 000	149 262 000	146 746 000	145 100 000
Renteinntekter og utbytte	1 008 510	1 178 000	1 178 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 298 345						
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 237 190	1 400 500	1 400 500	1 550 000	1 650 000	2 000 000	2 000 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)							
Avdrag på lån	5 486 447	5 300 000	5 300 000	6 000 000	6 000 000	6 750 000	6 750 000
Netto finansinnt./utg.	-4 416 782	-5 522 500	-5 522 500	-6 150 000	-6 250 000	-7 350 000	-7 350 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk							
Til ubundne avsetninger	6 711 449	4 899 000	7 463 499	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Til bundne avsetninger	1 192 941	5 000	230 000				
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	2 990 716		2 789 499				
Bruk av ubundne avsetninger	4 676 976	3 904 000	3 904 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Bruk av bundne avsetninger	561 939						
Netto avsetninger	325 242	-1 000 000	-1 000 000	0	0	0	0
Overført til investeringsbudsjettet							
Til fordeling drift	152 096 871	147 013 500	147 013 500	143 538 000	143 012 000	139 396 000	137 750 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	149 307 372	147 013 500	147 013 500	143 538 000	143 012 000	139 396 000	137 750 000
Mer/mindreforbruk	2 789 499	0	0	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Reg budsjett 2017	Ramme 2018	Ramme 2019	Ramme 2020	Ramme 2021
01 Folkevalgte organ	2 330 651	2 301 600	2 301 600	2 100 000	2 150 000	2 000 000	1 850 000
02 Administrasjon	15 511 125	13 435 000	13 435 000	13 400 000	13 500 000	13 150 000	12 800 000
03 Barnehage	16 341 197	15 837 300	15 837 300	14 800 000	14 900 000	14 500 000	14 150 000
04 Skule	41 663 414	39 571 300	39 571 300	38 900 000	39 300 000	38 500 000	38 100 000
05 Helse	10 103 623	9 856 000	9 856 000	9 800 000	9 900 000	9 500 000	9 250 000
06 Sosial og barnevern	4 885 735	5 289 000	5 289 000	5 200 000	5 250 000	5 100 000	4 900 000
07 Pleie og omsorg	47 655 459	47 914 800	47 914 800	46 600 000	46 800 000	46 200 000	46 000 000
08 Kultur	6 027 920	6 020 500	6 020 500	5 900 000	5 900 000	5 500 000	5 300 000
09 Kyrkja	3 678 218	3 525 000	3 525 000	3 500 000	3 500 000	3 350 000	3 200 000
10 Teknisk	8 831 068	6 477 000	6 477 000	6 300 000	6 284 000	6 009 000	5 800 000
11 Andre tenesteområder	-7 721 037	-3 214 000	-3 214 000	-2 962 000	-4 472 000	-4 413 000	-3 600 000
Sum overført til 1A	149 307 372	147 013 500	147 013 500	143 538 000	143 012 000	139 396 000	137 750 000

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING

	Oppr B 2017	Just B 2017	2018	2019	2020	2021
Investeringar i anleggsmidlar	32 500 000	33 448 000	20 650 000	27 150 000	6 150 000	6 150 000
Utlån og forskotteringar	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Kjøp av aksjar og andelar	550 000	550 000	550 000	550 000	550 000	550 000
Avdrag på lån						
Dekning av tidlegare års udakka						
Avsetningar						
Årets finansieringsbehov	33 550 000	34 498 000	21 700 000	28 200 000	7 200 000	7 200 000
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidlar	23 280 000	24 128 000	900 000	20 500 000	5 200 000	5 200 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar						
Tilskot til investeringar			16 250 000			
Kompensasjon for meirverdiavgift	6 220 000	6 220 000	4 000 000	1 420 000	1 420 000	1 420 000
Motteke avdrag på utlån og refusjonar		100 000				
Andre inntekter						
Sum ekstern finansiering	29 500 000	30 448 000	21 150 000	21 920 000	6 620 000	6 620 000
Overført frå driftsbudsjett						
Bruk av tidlegare års udisponert						
Bruk av avsetningar	4 050 000	4 050 000	550 000	6 280 000	580 000	580 000
Sum finansiering	33 550 000	34 498 000	21 700 000	28 200 000	7 200 000	7 200 000
Udekket / udisponert	0	0	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR

	Oppr B 2017	Just B 2017	2018	2019	2020	2021
Investering i anlegg	32 500 000	33 448 000	20 650 000	27 150 000	6 150 000	6 150 000
IKT-investeringar						
1000 Edb felles	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
1002 Breiband til heimar i Masfjorden	4 500 000	4 500 000				
Kommunale bygg			3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
2001 Sandnes bhg - Ventilasjonssaggregat	300 000	300 000				
2002 Sandnes bhg - Utvendig rehabilitering	160 000	160 000				
2101 Nordbygda bhg - Ventilasjonssaggregat	400 000	400 000				
3001 Nordbygda skule - utbetring tak	1 000 000	1 000 000				
3002 Nordbygda skule - utvendig rehabilitering	140 000	140 000				
3402 Matre skule - ventilasjonssaggregat		48 000				
3403 Matre skule - utvendig rehabilitering	200 000	200 000				
4001 Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	500 000	500 000				
5001 Kontorbygg Matre		800 000				
5004 Skular - dører og vindu	400 000	400 000				
5005 Vernebustad Haugsær - utvendig rehabilitering	100 000	100 000				
5100 Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland	20 000 000	20 000 000	14 500 000			
5200 Fensfjordbygg				21 000 000		
6000 Kommunale vegar			1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
6001 Kjetland bru	950 000	950 000				
6500 Bustadfelt - tilrettelegging	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000
6502 Ervikneset	1 200 000	1 200 000				
VAR			600 000	600 000	600 000	600 000
7000 Vassforsyning	50 000	50 000				
7001 Vassprosjekt - Vatn til Gulen		100 000				
7002 Vassforsyning - utbetring sjø						
7004 VA Giljane	800 000	800 000				
7501 Septiktank Haugsvær	250 000	250 000				
7502 Septiktank Hosteland	300 000	300 000				

Rådmannen skal innan utgangen av oktober 2017 leggje fram eit balansert driftsbudsjett for 2018 og handlingsplan med økonomiplan for perioden 2018 – 2021 i balanse. Det skal og leggjast fram investeringsplan for åra 2018 – 2021.

Saksopplysningar:

Vurdering

Den økonomiske inntektsramma for 2018 – 2021 er grunnlag for utarbeida budsjettammer. Kommuneproposisjonen med kommuneopplegget for 2018, og KS sin prognosemodell utarbeid 15.5.2017 er nytta i grunnlaget.

Prognose for eigedomsskatteinntekter viser ein stor nedgang i økonomiplanperioden. Om prognosane slår til vert inntekt på eigedomsskatt nær halvert i perioden. Administrasjonen vil i løpet av 2017 starte arbeidet med å taksere våre verk og bruk på nytt. Ei slik taksering skal skje kvart tiande år.

KS sin prognosemodell

MASFJORDEN	Inngang/A1	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
MASFJORDEN	1266										
faste år 2017-priser for årene 2018 - 2021											
1000 kr		2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)		35 256	37 102	38 354	37 875	38 740	39 632	40 205	40 285	40 379	40 432
Utgiftsutjevning		19 977	18 719	22 920	22 972	27 030	30 342	30 691	30 719	30 752	30 770
Overgangsordning - INGAR		-117	234	-103	-107	-98	-172	-	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og aravg.)		259	-	391	427	520	644	644	644	644	527
Korreksjon forsøksordninger barnevern og omsorgstjenester		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Storbytilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd		4 996	5 161	5 316	5 475	5 475	3 326	3 326	3 326	3 326	3 326
Distriktstilskudd Sør-Norge		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av difarb.avg. herav gradvis bortfall av difarbeidsgiveravgift		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntekssystemet 2011		100	100	100	100	100	-	-	-	-	-
Anslag overgangsordning - kommuner som skal slås sammen		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Endringer saldert budsjett 2014/2015/2016		-	-	-180	-93	362	-	-	-	-	-
Kompensasjon Samhandlingsreformene		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KMD		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Budsjettavtale H, FrP, KrF, V - Stortinget		-	-	-	-	-	-144	-177	-177	-177	-177
RNB 2017 - endringer i rammetilskudd		-	-	-	-	-	96	171	171	171	171
RNB 2012-2016, samt Dok8:135 S (2014-15)		38	18	54	327	-	-	-	-	-	-
Sum rammetilskudd uten inntektsuttj		60 509	61 334	66 851	66 976	72 130	73 725	74 860	74 968	75 094	75 048
"Byklotrekket"											
Netto inntektsuttjevning		-4 852	-4 423	-5 449	-4 707	-3 757	-4 482	-4 498	-4 498	-4 498	-4 498
Sum rammetilskudd		55 657	56 911	61 403	62 269	68 373	69 243	70 362	70 470	70 596	70 550
Rammetilskudd - endring i %			2,3	7,9	1,4	9,8	1,3	1,6	0,2	0,2	-0,1
Skatt på formue og inntekt		47 528	48 916	50 840	51 991	54 093	55 661	55 862	55 862	55 862	55 862
Skatteinntekter - endring i %			2,9	3,9	2,3	4,0	2,90	0,36	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)		103 185	105 827	112 243	114 260	122 466	124 900	126 200	126 300	126 500	126 400

Ut frå disponible midler vert storleiken på rammeområde sett. I framlegg til fordeling av disponible midlar på rammeområda, er desse gitt eit tilnærma likt nedtrekk. Reduksjon av inntekta vil ha innverknad på både omfanget av tenesteyting og kvalitet. utfordringar i åra som kjem vil nok gjere at vi må omfordele midlar mellom rammeområde.

I investeringsbudsjettet er det i perioden lagt opp til å fullføre dei vedtekte investeringsprosjekta. For første år i økonomiplanperioden vil dette i stor grad gjelde ferdigstilling av bustad for eldre og funksjonshemma på Hosteland. Vidare i økonomiplanperioden er det lagt opp til at vi ikkje investerer meir enn det vi betaler i avdrag på lån til eigne føremål. Om kommunen går for auka investeringar vil dette verke inn på driftsnivået i kommunen.

Konklusjon

Masfjorden kommune har framleis utfordringar med å tilpasse driftsnivået for å møte disponible midlar i økonomiplanperioden. Masfjorden kommune må sjå på løysingar for å effektivisere drifta, men vert nok og nødt til å vurdere omfang og kvalitet på tenestene.

Rammer for driftsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 vert vedteke slik dei ligg føre i

budsjettskjema 1a og 1b.

Rammer for investeringsbudsjett 2018 – 2021 vert vedteke slik dei ligg føre i budsjettskjema 2a og 2b.



Kommunane i Hordaland

Revidert nasjonalbudsjett 2017 og kommuneopplegget for 2018

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2017 og kommuneopplegget for 2018, jf. kommuneproposisjonen Prop. 128 S. I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Endringar i det økonomiske opplegget for 2017

Lønsvekst

Pårekna lønsvekst blir redusert frå 2,7 prosent i statsbudsjettet til 2,4 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Samla kostnadsinnsparing for kommunesektoren som følgje av lågare lønsvekst er rekna til om lag kr. 900 mill. Av dette utgjer kostnadsinnsparinga for kommunane om lag kr. 720 mill. Kostnadsdeflatoren for kommunesektoren blir redusert frå 2,5 prosent i statsbudsjettet til 2,3 prosent i revidert nasjonalbudsjett. Løn tel om lag 2/3 del av deflatoren.

Skatteinntekter

Lågare lønsvekst fører til lågare skattevekst for kommunane. Pårekna skatteinntekter for kommunesektoren er redusert med kr. 850 mill. frå nivået i statsbudsjettet. Av dette utgjer kommunane sin skattereduksjon kr. 707 mill. Pårekna skattevekst i år for kommunane blir difor redusert frå 1,5 prosent til 1,0 prosent, i høve til faktisk innkomen skatt i 2016.

Låg pårekna skattevekst frå 2016 til 2017, også opphavleg i statsbudsjettet, skuldast ekstraordinær høg skattevekst i 2016.

Kr. 132 mill. av skattereduksjonen for kommunane skuldast endringar i skattereglane, blant anna auka minstefrådrag på pensjon. Denne delen av skattereduksjonen vil bli kompensert gjennom auka rammetilskot til kommunane.

Investeringstilskot omsorgsplassar

Det er framlegg om å utvida løyvinga i år for investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar. Det har vore stor søknadsinngang for å få investeringstilskot. Utvidinga vil gi grunnlag for å kunne gi investeringstilskot til 1300 fleire omsorgsplassar enn i statsbudsjettet. Løyvinga i statsbudsjettet ga grunnlag for investeringstilskot til 1 800 plassar, slik at det no vil kunne bli gitt tilskot til 3 100 plassar i år. Det vil også omfatta rehabilitering av eksisterande gamle plassar, jf. omlegginga av ordninga frå 2021 til berre å omfatta netto vekst i talet på plassar.

Tilskotsattsane av godkjent investeringsgrunnlag er uendra, det vil seie 55 prosent for sjukeheimsplassar og 45 prosent for omsorgsbustader med heildøgns omsorg.

Tilskot til fleire barnehagelærarar

Regjeringa ynskjer eit større krav til kompetanse i barnehagane. I statsbudsjettet er det løyvd kr. 172,2 mill. i øyremerkte tilskot til tilsetjing av fleire barnehagelærarar. Det er no framlegg om å innlemma dette øyremerkte tilskotet i rammetilskotet allereie for i år. Tilskotet, kr. 172,2 mill., er i år for perioden august og ut året, det vil seie 5/12 av året. I 2018 vil tilskotet som følgje av heilårseffekt bli utvida til om lag kr. 413 mill.

Kommuneopplegget for 2018 - generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr. 3 ½ mrd. og kr. 4,0 mrd. frå 2017 til 2018. Veksten er rekna frå det inntektsnivået for i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Denne veksten er realauke slik at priskompensasjon frå 2017 til 2018 vil kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Skatteøyret blir fastsett først i statsbudsjettet til hausten for å tilpassa skatteveksten til målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2017 til 2018 skal dekkja auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Auka utgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing, kr. 2,2 mrd. av dei frie inntektene. Utgiftsveksten er totalt rekna til om lag kr. 2,7 mrd. Av dette er kr. 2,2 mrd. den delen som må bli dekt av auken i dei frie inntektene. Den delen av utgiftsveksten som overstig om lag kr. 2,2 mrd. må bli dekt av auke i andre inntekter enn dei frie inntektene.

Om lag heile utgiftsveksten knytt til befolkningsutviklinga vil vere for kommunane, det vil seie ikkje utgiftsvekst for fylkeskommunane.

2. For kommuneforvaltninga kan pensjonskostnadene samla kome til å auka med om lag kr. 350 mill. utover det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. Kommunane sin del av det utgjør om lag kr. 300 mill. Det er stor uvisse knytt til desse overslaga.

Pårekna auke i pensjonskostnadene har blant anna samanheng med låg avkastning på pensjonsmidlane som følgje av det låge rentenivået.

Veksten i dei frie inntektene i 2018 skal gi rom for fleire satsingar:

1. Opptappingsplan for rus, kr. 300 mill. Det er eit trinn i ein opptappingsplan med auka løyvingar til rusområdet i perioden 2016 - 2020. Satsinga kjem i hovudsak ved at ein del av den årlege veksten i dei frie inntektene er grunngeve med satsinga på rusomsorg. I 2016 og 2017 var denne opptappinga på til saman kr. 0,7 mrd. Fordelinga mellom kommunane blir gjort etter delkostnadsnøkkelen for sosialhjelp i inntektsystemet.

Det er dessutan eit eige øyremerkt tilskot til føremålet, kapittel 765 post 62.

2. Tidleg innsats barnehage og skule, kr. 200 mill. Kr. 200 mill. av veksten i rammetilskotet er grunngeve med denne satsinga.

Det er eit eige øyremerkt tilskot til auka lærarinnsats på 1. - 4. trinn i grunnskulen, kapittel 226 post 63.

I framlegget til kommuneproposisjonen for 2017 var kr. 150 mill. av veksten i dei frie inntektene grunngeve med tidleg innsats i grunnskulen. Stortinget vedtok i staden å flytta desse midlane over frå rammetilskotet til styrking av det øyremerkte tilskotet.

3. Kr. 200 mill. til førebyggjande tiltak for barn, unge og familiar. Det er ei målsetjing å gjere kommunane i stand til å ta eit større ansvar på barnevernsområdet, i lys av barnevernsreforma. Kr. 200 mill. av veksten i rammetilskotet er grunngeve med denne satsinga.

Det er på denne bakgrunn lagt opp til at kommunane skal få eit auka handlingsrom i 2018 på mellom kr. 0,3 mrd. og kr. 0,8 mrd. Det vil vere veksten i dei frie inntektene (før pris-kompensasjon) etter fråtrekk for auka utgifter knytte til befolkningsutvikling og pensjon, samt dei nemnde satsingane.

Kommunereform

Kompensasjon for redusert basistilskot og småkommunetilskot - overgangsordning (2017-19)

Departementet har for 2017 sett av ei skjønnsramme på inntil kr. 300 mill. til kommunar som går inn i kommunesamanslåing og som får redusert basistilskot og småkommunetilskot på grunn av nytt inntektssystem i 2017. Ingen av dei aktuelle kommunane i Hordaland får redusert småkommunetilskot som følge av nytt inntektssystem. Dei kommunane som får kompensasjon i fylket får difor denne på grunn av omlegginga til gradering av basistilskotet.

Førebels utrekna kompensasjon er om lag kr. 23,7 mill. til saman i 2017 til kommunane i fylket, etter at det er gjort fråtrekk for kompensasjon gjennom overgangsordninga INGAR.

I 2017 vil kompensasjonen bli gitt som ein del av departementet sine skjønsmidlar. I 2018 og 2019 vil i staden kompensasjonen kome som ei eiga fordeling gjennom det ordinære rammetilskotet. Dette er departementet sine skjønsmidlar og endringa betyr ikkje noko for dei skjønsmidlane som fylkesmennene fordeler mellom kommunane.

Tilskot til infrastrukturtiltak

Det var for 2017 sett av kr. 150 mill. i tilskot til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman. Av det er kr. 100 mill. innanfor kommunane si skjønnsramme og kr. 50 mill. innanfor fylkeskommunane si skjønnsramme. Denne tilskotsordninga blir ikkje vidareført frå 2017 til 2018. Dette har heller ikkje betydning for dei skjønsmidlane som fylkesmennene fordeler.

Regionsentertilskot

Det vil bli gitt tilskot til mellomstore kommunar etter at det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing. Ny kommune må ha meir enn 9000 innbyggjarar etter samanslåing og ikkje få storbytilskot. For 2017 er det på landsbasis ei ramme på kr. 100 mill., det vil seie med verknad for andre halvår i år. I 2018 blir ramma til føremålet med heilårsverknad kr. 200 mill.

Det er lagt opp til at 60 prosent av ramma vil bli fordelt med ein sats per samanslåing og 40 prosent av ramma vil bli fordelt med ein sats per innbyggjar.

Den endelege fordelinga av regionsentertilskotet og midlane i overgangsordninga (for redusert basistilskot) for 2017 blir gjort kjent etter Stortinget si handsaming av kommunereforma i år.

Kommunereforma skal handsamast i Stortinget 08.juni d.å. Departementet vil kome attende med meir informasjon om desse tilskota for 2017 etter Stortinget sitt vedtak. Deretter vil departementet betala ut tilskot.

Ufrivillig åleine

Nokre kommunar har gjort vedtak om samanslåing med andre kommunar utan at det er gjort gjensidige vedtak i nabokommune. Fleire av desse kommunane taper på omlegginga i inntektssystemet i 2017 gjennom redusert basistilskot og redusert småkommunetilskot.

Departementet vil gi ein kompensasjon i 2017 til kommunar som blir vurderte å vere ufrivillig åleine etter kommunereforma. Fordelinga av denne kompensasjonen mellom kommunar vil bli vurdert nærare i samarbeid med fylkesmennene.

Eingongstilskot og inndelingstilskot

Tilskot for eingongskostnader blir utbetalt i år etter at Stortinget har gjort nasjonalt vedtak om kommunesamanslåingar.

Reformtilskot vil bli utbetalt etter at kommunesamanslåingane har vorte sett i verk,. Det vil seie etter 01. januar 2020.

Storleiken på eingongstilskota, for eingongskostnader og reformtilskot, er vist blant anna i brevet vårt av 19.mai 2015 (s. 7) om kommuneproposisjonen for 2016.

Årleg inndelingstilskot blir utbetalt frå og med år 2020 (i 15 + 5 år), det vil seie når samanslåingane er sett i verk. Det erstattar bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/ reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing. Inndelingstilskot vil vere basert på tilskot og kriteriegrunnlag for 2016. Det blir tillagt årleg priskompensasjon. Basistilskotet i 2016 var kr. 13,2 mill.

Selskapsskatt

Innføring av kommunal selskapsskatt blir utsett. Ei innføring no ville gitt større uvisse knytt til inntektene i kommunar med særlege utfordringar i næringslivet. Regjeringa ynskjer å kome attende til saka seinare.

Skjønstilskot

Basisramma blir fordelt av fylkesmennene mellom kommunane. Hordaland si ramme i 2017 er kr. 127,7 mill.

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet blir redusert frå kr. 1 191 mill. i 2017 til kr. 1 100 mill. i 2018. Reduksjonen på kr. 91 mill. blir overført til kommunane sitt innbyggjartilskot i inntektssystemet og i staden fordelt etter dei faste kriteria.

Det kan for 2018 også bli endring i fordelinga av ramma mellom fylkesmennene.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Digitalisering

Digitalisering er viktig i fornyingsarbeidet. Departementet har sett av kr. 25 mill. i prosjekt-skjønn for 2017 til ei KS - administrert ordning for finansiering av kommunale IKT - prosjekt. For 2018 tek departementet sikte på å setje av kr. 100 mill., slik at det totalt blir sett av kr. 125 mill. til føremålet.

Kommunane må bidra med eigne midlar til prosjekt. Departementet vil saman med KS utarbeide nærare vilkår for bruken av midlane.

Inntektssystemet

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem, men graden vil kunne bli justert seinare.

Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon blir justert opp frå kr. 300,- per innbyggjar i 2017 til kr. 400,- per innbyggjar i 2018. Det vil m.a.o. vere den delen av utviklinga i rammetilskot som er meir enn kr. 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet som blir kompensert.

Auken i grenseverdi blir gjort på bakgrunn av at rammetilskotet har auka vesentleg i perioden frå overgangsordninga INGAR blei innført i 2009. Grenseverdien, kr. 300,- per innbyggjar, har vore den same heilt frå ordninga blei innført. Med same nominelle grenseverdi i beløp over tid vil fleire kommunar få kompensasjon gjennom ordninga. Alle kommunane er med å finansiera overgangsordninga INGAR gjennom eit like stort trekk per innbyggjar.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot. INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre), bortfall av småkommunetillegg og nedgang i distrikttilskot.

Telletidspunkt

Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga vil vere 01.07. i år som grunnlag for rammeoverføring i 2018. For inntektsutjamninga i 2018 er telletidspunktet innbyggjarar per 01.01.2018. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2017 for rammeoverføring i 2018.

Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn 1,4 prosent (gjennomsnitt per år). Hordaland har fleire kommunar med høg folkevekst, særleg i omlandet til Bergen. Tilskotet er difor viktig i fylket.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa.

Distriktstilskot utanom småkommunetillegg

Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør - Noreg med svak samfunnsmessig utvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare. På grunn av svak utvikling i indre strøk, er også dette tilskotet viktig i fylket.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane blir gradert på grunnlag av distriktsindeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo høgare trekkprosent i høve til fullt tilskot. Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Trekk i 2017:

Fitjar	trekk 50 %
Tysnes	trekk 10 %
Jondal	ikkje trekk
Ulvik	ikkje trekk
Granvin	ikkje trekk
Samnanger	trekk 50 %
Austrheim	trekk 50 %
Fedje	ikkje trekk
Masfjorden	trekk 40 %

Statsbudsjett 2018

Statsbudsjettet blir lagt fram torsdag 12.oktober d.å.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

		-4 260 000	
Barnehage			
	auke foreldrebetaling	-160 000	
	fortløpende opptak	-500 000	
	felles administrasjon - 50% styrer 50 % fagleder	-70 000	
	plantid pedagoger - redusert til 4 timer	-90 000	
	Barn i/frå andre kommunar		
	Flykningebarn, fri barnehageplass		
	Ingen endring på andre driftsutgifter		
			-820 000
Skule			
	Øremerka tilskot til småskulen	-480 000	
	redusert rammetimetal	-190 000	
	alternativt		
	- gjesteelevar		
	- MOT et års oppseiingstid	-500 000	
	- betaling i SFO opphold og mat		
	Skuletur	-60 000	
	Leirskule	-60 000	
			-1 290 000
	Skule/barnehage felles leiing		
	Samle ungdomstrinn på ein skule		
	Bruk av ny teknologi		
Kultur			
	Legge ned Matre og Sandnes filialar	-200 000	
	Samdrift skule/folkebibliotek		
	Idrettskulen frå 1/8-18	-250 000	-400' for seinare år
	Symjebasseng ope 5 mnd i forhold til 7 mnd	-300 000	
	Kulturskulen - 1/2 stilling	-300 000	
	Redusert inntekt		mindre eigenbetaling og venteliste
	Kulturmidler	-100 000	
	Bruk av kulturfond		
	Brukarbetaling - harmonisering		
	idrettskulen / SFO		
			-1 150 000
Teknisk			
	Inntekt på vatn, sal til Gulen		
	Plansaker, redusere bruk av eksterne konsulenter		
Brann/feiing			
Pleie og omsorg			
	Felles turnus sjukeheim	-500 000	
	Felles turnus heimeteneste		
	Ressurskrevande brukarar	-500 000	
	Velferdsteknologi		
			-1 000 000
Helse			
	Tilsett ALIS-lege		
	Psykisk helse, samarbeid med andre		
	Rus, legges under psykisk helse		
Sosial / barnevern			
Felles/administrasjon			
	Taksering verk og bruk, linjer og anlegg		
	Andre generelle statstilskot		
	E-skatt - næring, bustad fritidseigedom		